



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for helse og omsorg
Stad:	Herøy helsesenter, Møterom 1 og 2
Dato:	18.08.2017
Tid:	14:00 – 16:30

Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Knut Tandberg	Medlem	H
Linn-Therese Hansen Sævik	Nestleder	KRF
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Kaja Runde	Medlem	FOLK

Forfall:

--	--	--

Varamedlemer som møtte:

--	--	--

Andre:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol
Leiar barn, familie og helseavd. Inger Marie Tofthagen

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiareren vart desse valde:
Knut Tandberg og Kaja Runde

underskrifter

Knut Tandberg

Bjørn Otterlei
leiar

Kaja Runde

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 27/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 28/17	Protokoll frå førre møte
PS 29/17	Referatsaker
PS 30/17	Legevakt Søre Sunnmøre - Prosjektrapport
PS 31/17	Familievikar - servicetilbod for familiar om hjelp i heimen ved spesielle behov
PS 32/17	Brukarrepresentantundersøking for teneste til menneske med utviklingshemming
	Referatsaker
RS 11/17	Rapport fra RO

PS 27/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 28/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 29/17 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre.

R-sak 11/17: Rapport frå RO

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol orienterte om saka.

Samrøystes vedtak:

Komite for helse og omsorg tek rapporten til vitande. Komiteen rår til at kommunen no går vidare til fase to i prosessen med å vurdere helse- og omsorgstenestene i kommunen.

Komiteen rår til at RO også får dette oppdraget.

PS 30/17 LEGEVAKT SØRE SUNNMØRE - PROSJEKTRAPPORT

Møtebehandling:

Leiar barn, familie og helseavd. Inger Marie Tofthagen orienterte om saka.

Det kom framlegg om slikt tillegg til rådmannen si tilråding:

«Helse og Omsorgskomiteen rår til at følgande forhold vert teke med i det vidare arbeidet:

Oppdragsgjevar (Sjustjerna Helse og omsorg) må handsame rapporten og sende over si vurdering og tilråding til kommunene. Denne vurderinga leggast til grunn for den administrative og politiske handsaminga av saka i kvar kommune.

Dei økonomiske konsekvensane av dei ulike modellane må klargjerast. Nye kostnader må sjåast i samanheng med noverande kostnader, med kommunen sine økonomiske rammer og prioriteringar i økonomiplan. Kostnader knytt til nye lov- og forskriftskrav må tydeleggjerast.

LV-sentral, Legevakt og akuttmedisinske tenester er ei døgnkontinuerlig teneste. Prosjektrapporten omfattar i hovudsak tidsromet frå kl 1500-2200/0800-2200, legevakt kveld utanom kontortid, og delvis nattlegevakt 2200-0800. Det er ønskjeleg at følgjande forhold vert meir utdjupande vurderte:

- LV-sentralen, daglegevakt i kontortida.
- Kompetansekrav for dei legane som delteke i legevakt i dag. (Tilsaman 53 legar fordelt med 31 legar Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og 22 Volda, Ørsta).
- Etablering av likeverdige legevakter (dag-ettermiddag-natt) i ytre-Søre og indre-Søre er eit alternativ? (Ytre-Søre: 25000 innbyggjarar, 31 legar. Indre-Søre: 20000 innbyggjarar, 22 legar).
- Av dei modellane som er utreda vil komiteen tilrå modell A om det er rom for denne i økonomiplanen for kommunen og dersom følgjande krav vert ivareteken:
- Det må vere lege som har uttrykkingsplikt tilstades på Ytre-Søre heile døgnet.
- Alvorleg sjuke som bur heime eller ved sjukeheim skal få legebepesøk for medisinsk vurdering før evtll innlegging ved sjukehus.
- Køyrelegevakt (evtll etter alt A) skal vere stasjonert ved legevaktstasjon i Myrvåg (jmfir befolkning og legedekning).
- Legevaktstasjon i Ytre-Søre (evtll etter alt A eller B) skal lokaliserast til Myrvåg legevaktstasjon.»

Rådmannen si tilråding med tilleggsframlegget ovanfor vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 18.08.2017

Prosjektrapporten vert teken til vitande.

Det vert lagt til grunn at det tillyste møtet 1.9.2017 vert eit informasjonsmøte om rapporten.

Sjustjerna Helse og Omsorg, som styringsgruppe, handsamar i etterkant av informasjonsmøtet rapporten vidare og set i verk naudsynte utgreingar.

Helse og Omsorgskomiteen rår til at følgjande forhold vert teke med i det vidare arbeidet:

Oppdragsgjevar (Sjustjerna Helse og omsorg) må handsame rapporten og sende over si vurdering og tilråding til kommunene. Denne vurderinga leggast til grunn for den administrative og politiske handsaminga av saka i kvar kommune.

Dei økonomiske konsekvensane av dei ulike modellane må klargjerast. Nye kostnader må sjåast i samanheng med noverande kostnader, med kommunen sine økonomiske rammer og prioriteringar i økonomiplan. Kostnader knytt til nye lov- og forskriftskrav må tydeleggjerast.

LV-sentral, Legevakt og akuttmedisinske tenester er ei døgnkontinuerlig teneste. Prosjektrapporten omfattar i hovudsak tidsromet frå kl 1500-2200/0800-2200, legevakt kveld utanom kontortid, og delvis nattlegevakt 2200-0800. Det er ønskjeleg at følgjande forhold vert meir utdjupande vurderte:

- LV-sentralen, daglegevakt i kontortida.
- Kompetansekrav for dei legane som delteke i legevakt i dag. (Tilsaman 53 legar fordelt med 31 legar Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og 22 Volda, Ørsta).
- Etablering av likeverdige legevakter (dag-ettermiddag-natt) i ytre-Søre og indre-Søre er eit alternativ? (Ytre-Søre: 25000 innbyggjarar, 31 legar. Indre-Søre: 20000 innbyggjarar, 22 legar).
- Av dei modellane som er utreda vil komiteen tilrå modell A om det er rom for denne i økonomiplanen for kommunen og dersom følgjande krav vert ivareteken:
- Det må vere lege som har utrykkingsplikt tilstades på Ytre-Søre heile døgnet.
- Alvorleg sjuke som bur heime eller ved sjukeheim skal få legebesøk for medisinsk vurdering før evtll innlegging ved sjukehus.
- Køyrelegevakt (evtll. etter alt A) skal vere stasjonert ved legevaktstasjon i Myrvåg (jmfr befolkning og legedekning).
- Legevaktstasjon i Ytre-Søre (evtll. etter alt A eller B) skal lokaliserast til Myrvåg legevaktstasjon.

PS 31/17 FAMILIEVIKAR - SERVICETILBOD FOR FAMILIAR OM HJELP I HEIMEN VED SPESIELLE BEHOV

Møtebehandling:

Det kom framlegg om slikt tillegg til rådmannen si tilråding:

«Komite for helse og omsorg ser at ordninga vert innført som toårig forsøksordning. Omgrepet familievikar som er nytta i saka, vert for ettertida endra til «familiestøtte».»

Rådmannen si tilråding med tilleggsframlegget ovanfor vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 18.08.2017

Ordninga med familievikar vert vurdert i samband med budsjettet for 2018, med bakgrunn i dei føringane som går fram av saksutgreiinga.

Komite for helse og omsorg ser at ordninga vert innført som toårig forsøksordning. Omgrepet familievikar som er nytta i saka, vert for ettertida endra til «familiestøtte».

**PS 32/17 BRUKARREPRESENTANTUNDERSØKING FOR TENESTE TIL
MENNESKE MED UTVIKLINGSHEMMING**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 18.08.2017

Brukarrepresentantkartlegginga vert teken til vitande.

MØTET SLUTT KL. 16:30